



BRATTVÅG BARNEHAGE SA ÅRSPLAN 2026/2027



Vår visjon er:

«I Brattvåg barnehage skal alle verte sett, høyrde og anerkjende»

Visjonen skal gi retning for arbeidet vårt i barnehagen og den gjeld for både barn, foreldre og personale.

Danning

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrig på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratisk fellesskap.

Rammeplanen seier noko om korleis personalet i barnehagen skal fremje danning.

- Vi skal legge til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barnet.
- Vi skal støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet.
- Vi skal synleggjere og verdsetje ulike behov, meiningar og perspektiv i fellesskapet.
- Vi skal leggje merke til, anerkjenne og følgje opp barnas perspektiv og handlingar.
- Vi skal utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar.
- Vi skal synleggjere og framheve mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring.

(Rammeplanen for barnehagen, s.21)



Vårt pedagogiske grunnsyn med utdyping av korleis vi vil jobbe:



Barnehagen skal vere eit **inkluderande fellesskap** der kvart enkelt barn kjenner at det høyrer til og har sin plass. Dette er i tråd med rammeplanen sitt fokus på barnehagen som ein arena for omsorg, lek, læring og danning. Alle barna skal oppleve å bli sett, høyrte og anerkjent og få moglegheit til å medverke i kvardagen. Vi legg vekt på at barn og vaksne bidreg til eit trygt og positivt miljø. Dei vaksne skal vere varme, tilgjengelege og imøtekomande og møte barna med respekt uavhengig av bakgrunn. Dette støtter rammeplanen sitt krav om å fremje likeverd, mangfald og gjensidig respekt. Det språklege og kulturelle mangfaldet i barnehagen blir sett på som ein ressurs, i samsvar med rammeplanen sitt fokus på inkludering og kulturforståing. Vi ønskjer å skape eit miljø der barna lærer av kvarandre og utviklar respekt for kvarandre. Fellesskapet skal gi rom for å vere ulike og vi arbeidar aktivt for at språk ikkje skal vere ein barriere for deltaking.

Gjennom å ha fokus på dei vaksne sitt **nærvær**, arbeidar vi i tråd med rammeplanen si vektlegging av relasjon og sensitivitet. Vi skal vere tilgjengelege for barna, tolke uttrykka deira og møte behova med omsorg og engasjement. Slik legg vi grunnlaget for tryggleik, trivsel og utvikling. Vi gir rom for undring, utforskning, lek og kreativitet, noko som er sentralt i rammeplanen. Barna skal få oppleve meistring og utvikling gjennom variert erfaring i kvardagen, der personalet støttar og rettleier dei i læringsprosessane.

I arbeidet med det pedagogiske innhaldet i barnehagen, har vi valt **temaarbeid** som metode. Vi legg vekt på at vi skal ha eit felles fokus for heile barnehagen, men også at vi skal kunne vere fleksible og ha valfridom innanfor rammene som er sette. Personalet vel det overordna tema for barnehageåret. Ut frå tema og målsetjing må kvar barnegruppe velje si vinkling ut frå barna sine interesser, føresetnader og ynskjer. Barnet sine synspunkt skal leggst vekt på i høve til alder og modning.

Naturen rundt barnehagen blir aktivt brukt som arena for lek, læring og utvikling. Dette er i tråd med rammeplanen sitt fokus på natur, miljø og teknologi. Gjennom turar og aktivitetar i naturen får barna utvikle både sosiale ferdigheiter og kunnskap om omverda. Leiken i naturen gir gode vilkår for samarbeid, fellesskap og vennskap. Vi legg også vekt på barna si fysiske utvikling gjennom rørsle og sansing i naturen. Her får barna utfordre seg sjølve, utvikle motoriske ferdigheiter og oppleve meistring, noko som er sentralt i arbeidet med livsmeistring og helse slik det er skildra i rammeplanen.

Fellesskap

FELLESKAP – tiltak i barnehagen:

- Vi har eit felles overordna tema for året.
- Vi sett saman grupper på tvers av dei faste barnegruppene og har aktivitet i lag.
- I slutten av kvar månad har vi månadsfest. Den dagen har vi fokus på dei som har hatt bursdag denne månaden som straks er slutt.
- I adventstida har vi fire felles adventsstunder.
- Vi har fellesarrangement, som haustfestival, vinterfestival, nissefest, karneval, påskesamling og 17. mai-feiring i barnehagen.
- Med julefest, påskelunsj og sommarfest, har vi fellesarrangement der foreldra er med.

Nærvær

NÆRVÆR viser vi ved:

- At vi deler smil, latter og glede.
- At vi med blikk og kroppsspråk viser at vi er tilgjengeleg.
- At vi fokuserer på det barna er opptekne av.
- At vi lyttar til barna.
- At vi gir barna tid til å tenke og undre seg.
- At vi fylgjer barna sine uttrykk.
- At vi er i forkant.
- At vi ser barna sine behov og er støttande og rettleiande.
- At vi deler smil, latter og glede.
- At vi møter foreldra.

Temaarbeid

TEMAARBEID er vår måte å jobbe på:

- Vi har eit felles overordna tema for heile barnehagen.
- Vi planlegg eit temaarbeid, men har rom for å vere spontan og fleksibel i forhold til endringar. Barna skal kunne medverke undervegs, deira interesser, føresetnader og ynskjer skal vektleggast.
- Kvar avdeling set mål for arbeidet ut frå si barnegruppe og fagområda i rammeplanen. Innhald og arbeidsmåtar er tilpassa barna sin alder og modning.
- I samanheng med eit temaarbeid dokumenterer vi på avdelingane kva for fagområde vi jobbar med.

Naturen

Korleis bruker vi **NATUREN**?

- Vi vil at barna skal undre seg og utforske naturen
- Vi har tur dagar kvar veke i vårt eiga nærmiljø.
- Vi bruker eit variert terreng for å utfordre den motoriske utviklinga.
- Vi har rutinar for korleis vi tek i vare tryggleik på tur.
- Vi er ute året rundt. Vi opplever naturkreftene, og barna får mange inntrykk gjennom sansane.
- Naturen er ein unik leikeplass, der vi kan stimulere til samarbeid, fellesskap og vennskap
- Ein tur gir ei felles oppleving og kan utvikle og styrke vennskap og språk
- «Ein tur i grøfteskanten» – kan gi eit godt grunnlag for læring
- «Ein tur til topps» – kan gi ei god kjensle av meistring.

TEMA

Leseglede!

MÅL

Lesing og fantasi – skape magi



Det komande barnehageåret vil vi, saman med alle dei andre barnehagane og skulane i Haram kommune, ha eit felles fokusområde og tema for arbeidet vårt. Det felles fokuset inneheld to områder som vi skal jobbe med. Eit trygt og godt barnehagemiljø og det å høyre til. I barnehagen skal vi knytte lesing, bøker og fortellinga saman med fokusområde.

Vi deltek også i år i regional kompetanseutvikling saman med dei andre barnehagane i Haram kommune.

Personalet sitt mål for barna:

Få gode leseopplevingar som gir varig leseglede.

Mål for personalarbeid:

Skape leseglede og gode møter med bøker og forteljingar.

Mål for foreldresamarbeid:

Skape leseglede saman med barnet ditt.



Oppdraget vårt

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling»
(Barnehagelova, §1)

Nye barn i barnehagen

Det er ein stor overgang for eit barn å gå frå å vere heime med foreldra til å vere i barnehagen saman med mange andre barn og vaksne som ein ikkje kjenner frå før. Det er derfor viktig at barnehage og foreldre saman legg til rette for at barnet skal få ein god start på barnehagelivet. Når eit barn har fått plass i Brattvåg barnehage, blir barnet invitert til å komme på besøk i barnehagen saman med foreldra. Vi får møte barnet, foreldra får sett barnehagen, og foreldra og dei tilsette kan samtale om barnet og barnehagestarten.

Sjølve tilvenninga i barnehagen er ikkje lik frå barn til barn. Den første dagen er barnet i barnehagen berre ein time saman med foreldra, og så avtalar ein frå dag til dag kor lenge barnet skal vere i barnehagen, når foreldra kan gå frå barnehagen og anna som omhandlar barnet. I denne tida er det særleg viktig at foreldra er lett å nå på telefon. For at barnet skal få ein god start i barnehagen er det svært viktig at foreldre og tilsette i barnehagen har ein god kommunikasjon. Etter nokre veker har pedagogisk leiar og foreldra til det nye barnet ein «Startsamtale» med fastsette tema som gir eit godt grunnlag for det vidare samarbeidet.

Barna i barnehagen er delt i fem avdelingar. På Blåbærtua og Tyttebærtua held barna som er fødde i 2024, 2025 og 2026 til. Barna fødde i 2023 held til på Mauren og på Edderkoppen har vi barna som er fødde i 2022. Barna som har sitt siste år i barnehagen held til i Skogen. Dei har eit eige bygg i skogen bak barnehagen.

Blåbærtua

Albert, Amalie, Bella, David, Elliot, Jana, Josefine, Kristin, Leo, Noor, Oskar, Theo, Varvara

Lamija Selak – ped.leiar
Silje S. Søvik – ped.leiar
Heidi Gjerset – fagarbeidar
Violet E.G. Vågsæter – barnepleiar



Tlf. 90 21 49 50

Tyttebærtua

Amina, Astrid, Devin, Eilert, Elina, Johan, Kasper, Kamilla, Milena, Noah

Stine M. Otterlei – ped.leiar
Guro K. Blomvik – fagarbeidar
Ann-Mari Hildremyr – assistent
Anette L. Skaaden – assistent



Tlf. 90 21 48 08

Edderkoppen

Alva, Artur, Edgar, Gurace, Jens, Julia, Klara, Konrad, Ludwig, Matheo, Sebastian, Thea

Veronica E. Koppen – ped.leiar
Tove Lise Landsverk – fagarbeidar




Tlf. 48 04 54 08

Mauren

Ajdin, Embla, Julia Maia, Lionel, Ludvik, Marco, Nils, Nina, Patrik, Samuel, Valentina, Viktor

Medina Colic – ped.leiar
Nina M. Andersen – fagarbeidar
Ingvild L. Sylte – fagarbeidar



Tlf. 46 81 06 79

Vikarer: Olga Borgen og Oksana Chilinhirova

Reingjeringsassistent: Vijitharany Sadasaralingam

Dagleg leiar: Lena K. Farstad

Skogen

Alfred, Alma, Brian, Estere, Hennie, Isabella, Karla, Lucas, Mariia, Michal, Salome, Thea, Viktoria

Britt Tove V. Molnes – ped.leiar
Almira Selak – fagarbeidar
Agnese Helland – fagarbeidar



Tlf. 90 21 46 02

Veke 32-38

Oppstart – bli kjend

Mål: Barna skal oppleve ein trygg og god start på barnehageåret. Gjennom varme møte, leik og gode relasjonar blir barna og vaksne kjende med kvarandre, kvardags-rutinane og miljøet i barnehagen.

Barna kjem tilbake etter ferien medan andre skal ha sine første dagar i barnehagen.



August 2026

Mangfald og gjensidig respekt i barnehagen

I barnehagen møter barn kvarandre med ulike bakgrunnar, språk, kulturar, familiar og erfaringa. Dette mangfaldet er ei stor styrke – det gir barna muligheit til å lære om verda, sjå ulike perspektiv og utvikle toleranse og empati.

Mangfald i barnehagen betyr at vi anerkjenner og verdsette ulikskapar. Vi gir plass til ulike måtar å vere på. Og vi let barna få uttrykkje sin identitet og kultur. Vi les bøker på fleire språk, markerer ulike høgtider og snakkar om ulikskapar.

Gjensidig respekt handlar om korleis vi møter kvarandre – både barn og vaksne. Det betyr at vi lyttar til barna sine meiningar, viser forståing og lærer dei å respektere andre sine følelsar, grenser og behov. Vi jobbar med empati, språkbruk og korleis vi kan vere gode vener for kvarandre.

Barnehagen skal vere ein trygg stad for alle. Ein stad der barna lærer å vere stolt av kven dei er – og samstundes lære å sette pris på at andre kan vere annleis.



Foreldresamtaler

Når eit barn startar i barnehagen, har ped.leiar og foreldre ein startsamtale. Ein har fokus på korleis oppstarten har vore og ein utvekslar informasjon som er viktig for foreldra og barnehagen.

Kvar haust og vår gjennomfører vi foreldresamtaler i barnehagen. Dette er viktige samtalar der foreldre og ped.leiar samtalar om barnet sin trivsel, leik og utvikling. Om hausten, det året barnet fyller tre år, er det også ein oppfølging av nokre av spørsmåla frå startsamtalet på foreldresamtalen. Ped.leiar legg tider ut på Kidplan som foreldra melder seg på til samtalen.

Tid avsett til samtalar i år

Skogen:
veke 40–42 og 11–13

Mauren og Edderkoppen:
veke 43–45 og 14–16

Blåbærtua og Tyttebærtua:
veke 46–48 og 17–19



August 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
31						1	2
32	3	4	5	6	7	8	 Singapore sin nasjonaldag9
33	10	11	12	Barnehagen stengd. Planleggingsdag saman med dei kommunale.13	Barnehagen stengd. Planleggingsdag for personalet.14	15  Maria 5 år	16  Elina 2 år
34	17	18	19	20	21	22  Klara 4 år	23
35	 Ukraina sin nasjonaldag24	25	26	27	28	29	30
36	31						

Veke 32-38

Oppstart – bli kjend

Oppstarten i barnehagen er ei viktig tid for både barn, foreldre og tilsette. Dei første vekene legg grunnlaget for tryggleik, trivsel og gode relasjonar. Både nye barn og dei som har vore her før, treng tid til å finne seg til rette og bli kjende med kvardagen.

For mange inneber hausten endringar – kanskje ny avdeling, nytt rom, nye rutinar eller nye vaksne og barn å forhalde seg til. Vi legg derfor vekt på å skape rolege dagar med tid til leik, utforsking og nær kontakt med trygge vaksne.

Å bli kjend handlar om meir enn namn og fjes. Barna skal få oppleve å høyre til i fellesskapet, bli sett og anerkjende for den dei er. Gjennom leik, samspel og kvardagsaktivitetar bygger vi relasjonar og skapar ein trygg start for alle.



Planleggingsdagar

I løpet av barnehageåret er barnehagen stengd 5 dagar når personalet har kurs- eller planleggingsdagar. Barnehageåret 26/27 er det stengd 13. og 14. august 2026, ein planleggingsdag høsten 2026, ein planleggingsdag våren 2027 og 4. juni 2027.

September 2026

Brattvåg barnehage

Melodi: «Kanskje kommer kongen»

Tekst: Britt Tove

Refreng:

Braaattvåg barnehage,
det er barnehagen vår!

Masse vennar som sprer glede,
snille vaksne som forstår.

1. vers:

Blåbær- og Tyttebærtua,
og den lure edderkopp.
Krypande kjem Mauren,
Skogen, den er topp!

Refreng:

Braaattvåg barnehage,
det er barnehagen vår!

Masse vennar som sprer glede,
snille vaksne som forstår.

2. vers:

Her får vi bruke kroppen,
sykle fort og springe rundt.
Etterpå så får vi
masse frukt for det er sunt!

3. vers:

Ulveheia og Gapahuken,
KråkePer han står på lur.
Ventar på ei skorpe,
i den finaste natur!

Refreng:

Braaattvåg barnehage,
det er barnehagen vår!

Masse vennar som sprer glede,
snille vaksne som forstår.

4. vers:

Vi er glade og holder hender,
og hoppar opp og ned.
For tenk om Kongen kommer!
Ja! DET kan faktisk skje!
Hurra!!!

Refreng:

Braaattvåg barnehage,
det er barnehagen vår!

Masse vennar som sprer glede,
snille vaksne som forstår.

Refreng:

Braaattvåg barnehage,
det er barnehagen vår!

Masse vennar som sprer glede,
ein god klem vi gir og får.



Veke 38

Brannvern-veka

Mål:

- Personale skal gjere seg kjend med branninstruksjonen og øve på rutinar ved brann.
- Kjenne igjen røykvarslar og brannalarm
- Øve på å evakuere roleg og trygt
- Øve på naudnummer 110
- Skogen får besøke brannstasjonen



September 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
36		1	2	3	4	5	6  Karla 5 år
37	7	8	9	Foreldremøte i barnehagen.10	11	12	13
38	14	15	16  Eilert 2 år	17	18  David 2 år	19	20
39	21	22	23	Turbotrækk for Skogen24 	Månadsfest  Estere 5 år Sebastian 4 år25 	26	27
40	28	29	30				

Veke 40–46

Bøker

Bøker og lesing er en viktig del av et barns språkstimulering, og ifølge Krogstad har forskning vist at både tilgjengelegheit til bøker, rutinar for høgtlesing og litteraturprosjekt fremmar språkopplæring og stimulera skriftspråket i barnehagen (Krogstad, 2017, s.85).

Avdelingane finn sitt fokus innanfor årets tema og informasjon om mål og innhald for denne perioden kjem frå dei ulike avdelingane.

**Med vind i håret
– ute heile året!**

**Brattvåg barnehage
– naturlegvis!**

Kidplan

Kidplan er ei digital kommunikasjonsløyseing for barnehage og foreldre. Når eit barn byrjar i barnehagen får foreldra en invitasjon og kan laste ned appen. På Kidplan skal foreldra legge inn dersom barnet skal ha fri eller er sjuk, kan også informere om andre ting inne på meldingsfunksjonen. Barnehagen informerer om ting som skal skje og legg inn bilete frå turar og aktivitetar. I Kidplan skal foreldra også legge inn samtykke og bekrefte informasjon frå barnehagen ved oppstart av eit nytt år.

Oktober 2026

Dagsrytme

Kl. 0700	Barnehagen opnar
Kl. 0735	Skogen opnar
Kl. 0730–0830	Frukost i barnehagen
Kl. 0900	Avdelingstid (styrt aktivitet, tur, samling, frileik, måltid, kvile ...)
Kl. 1100	Lunsj
Kl. 1400–1430	Frukt/yoghurt/knekkebrød/graut ...
Kl. 1430–1630	Frileik ute/inne
Kl. 1600	Grovrydding ute og inne Barna bør rydde litt når dei skal gå. Foreldra hjelper til med påminning.
Kl. 1600	Skogen stengjer
Kl. 1630	Barnehagen stengjer



Tøyveskebiblioteket. Les med meg!

Tøyveskebiblioteket Les med meg! er et samarbeid mellom barnehage og bibliotek, og er et enkelt og effektivt tiltak som gjør bøker lett tilgjengeleg for barnefamilier i kvardagen.

Målet er å stimulere til meir høgtlesing heime. Tøyveskebiblioteket Les med meg! går ut på at barnefamilier får låne med seg en tøyveske med høgtlesningsbøker heim frå barnehagen, og levere på same sted. Det er en enkel måte å få bøker til heim som egner seg til høgtlesing, både for de som ikkje har mange bøker heime frå før, og for de som i en hektisk kvardagen ikkje alltid kommer seg på biblioteket.




Oktober 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
40				 Slovakia sin nasjonaldag  Kypros sin nasjonaldag 1	2	3	4
41	5	6	7	8	9	10	11
42	12	13	14	Barnehagen stengd. Planleggingsdag for personalet.  Bella 2 år 15	16	17	18
43	19	20	21	22	23	24	25
44	26	27	28	 Lionel 3 år 29	Månadsfest  30	31	

Veke 40–46

Advent

«Ikkje vent til barna har eit språk før du begynner å lese for dem. Les for dem slik at de får et godt språk.»



Bursdagsfeiring i barnehagen:

Når eit barn har bursdag:

- lagar vi krone saman med barnet
- heng vi opp flagg ute saman med barnet
- dekkjer vi eit fint bord saman med barnet
- kan barnet velje kva ein skal ha til mat til eit av måltida ut frå ein bursdagsmeny
- har basane sine tradisjonar for feiring.



November 2026

Opphaldsbetaling

Opphaldsbetaling pr. 01.08.2026

1/1 plass	- 5 dagar i veka	kr	700,-
4/5 plass	- 4 dagar i veka	kr	595,-
3/5 plass	- 3 dagar i veka	kr	490,-

Opphaldsbetalinga er inkludert kr 375,- i kostpengar. Barna kan få servert frukost i barnehagen, dette kostar kr 50 i månaden og kjem i tillegg.

Barnehagen kjøper også inn bleier for dei som ønskjer det (Rema1000 sine bleier), dette kostar også kr 50 i månaden.

Juli måned er betalingsfri.


Søskenmoderasjon:

Søskenmoderasjon 30 % for barn nr. 2, gratis barnehageplass for barn nr. 3. Moderasjon på rimelegaste plassen.

Ein kan søkje om redusert foreldrebetaling dersom den samla inntekta til familien er låg. Dette gjer ein via heimesida til Haram kommune.

Ekstragebyr ved henting etter stengetid:

kr 150,- for 1. påbegynt kvarter, deretter kr 50,- for påfølgjande kvarter. Dette gjeld pr. barn.



Eigar har oppretta ei FB-gruppe (Brattvåg barnehage SA) for foreldra i barnehagen der eigarstyre og samarbeidsutval kan gi ut informasjon og få innspel frå foreldra om aktuelle saker. Bli medlem av gruppa og følg med.

Barnehagen har også ei open FB-side og Instagram der dagleg leiar legg ut noko av det som har hendt i barnehagen. Barnehagen har også ei nettside som er knytt til Kidplan.



Leige lokale

Det er høve til å leige lokale i barnehagen til ulike arrangement.

Det kostar kr 500,- for andelseigar.

November 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
44							1
45	2	3 Hennie 5 år 	4 Jens 4 år 	5	6	7	8
46	9	10	11	12	13	14	15
47	16 Alma 5 år 	17	18  Latvia sin nasjonaldag	19	20	21	22
48	23 Kamilla 1 år 	24	25  Bosnia sin nasjonaldag	26	27 Månadsfest  Lucas 5 år 	28	29 1. søndag i advent
49	Adventstund 30 						

Veke 47–52

Advent og jul

Målsetting:

Barna skal få kjennskap til jula som ei kristen høgtid og tradisjonar knytt til høgtida. Vi skal skape ro, glede og forventning i adventstida.



Nissefest



På nissefesten i barnehagen dramatiserer ofte dei tilsette ei historie.

Vi har eit grautmåltid for barna og alle kan kle seg ut i nisseklede.

Desember 2026



Adventstund

Kvar måndag i adventstida har vi adventstund for å tenne adventslys, høyre forteljingar/sjå dramatiseringar og synge julesongar. Kvar avdeling har kvar sin måndag og framfører ein song eller ei historie knytt til jul.



Julefest

10.12. kl. 1730 er det julefest i barnehagen. Julefesten er for alle barna i barnehagen og familiane deira. Den blir arrangert ute i barnehagen, så ein må kle seg etter veret. På julefesten markerer vi også Luciadagen som er 13. desember.

Invitasjon kjem og det er Samarbeidsutvalet er ansvarleg for festen.



Julevandring

Kvart år får vi invitasjon frå kyrkja i Brattvåg om å gå julevandring. Dette er eit tilbod til Edderkoppen og Skogen.

Det vil kome nærare informasjon om julevandringa på førehand.



Desember 2026

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
49		 1 Romania sin nasjonaldag	2	3	4	5	6
50	Adventstund 7 	8	9	10	11	12  Milena 2 år	13
51	Adventstund 14 	15 Edgar 4 år	16	17	Månadsfest 18  Adventstund 	19  Devin 2 år	20
52	21	22	23	Julaften 24 Barnehagen stengd	1. juledag 25 Barnehagen stengd	2. juledag 26	27
53	28  Alfred 5 år	29	30  Ludvik 3 år	Nyttårsaften 31 Barnehagen stengd			

Veke 2–8

Forteljing

Forsking fra norske barnehager viser at barn som ofte får lest høyt eller deltar i forteljingar, har lettere for å uttrykke seg, forstå tekstar og seinare lære å lese sjølv. Men forteljingar handlar ikkje berre om læring – det handlar også om nærleik. Når du fortel, skapar du eit felles rom der barna føler seg sett og høyr.



Januar 2027

Foreldreråd – Samarbeidsutval – Eigarstyret

«For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.» (Barnehageloven § 4)

Foreldrerådet

«Foreldrerådet består av foreldrene til alle barna og skal fremme foreldrenes fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø.» (Barnehageloven §4).

Samarbeidsutvalet (su)

«Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre og tilsette i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene. Barnehageeier skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.» (Barnehageloven §4)



SAMARBEIDSUTVALET (SU)

Samansett på følgjande måte:

Agnese Helland	- personale
Lamija Selak	- personale
Lindis F. Harnes	- foreldreråd
Alice L. Koppen	- foreldreråd
	- eigar
	- eigar
Lena K. Farstad	- dagleg leiar

Eigarstyret

Brattvåg barnehage SA er ein foreldreeigd barnehage. Samvirkeforetaket har egne vedtekter som ein får utdelt ved oppstart i barnehagen. Årsmøtet i mars vel eigarstyret.

Samansett på følgjande måte:

Benjamin Rørhus	(mob: 47 35 23 77)	- leiar
Kristine F. Roald	(mob: 90 91 24 95)	- nestleiar
Azem Maksumic	(mob: 97 28 28 86)	- sekretær
Vegard Alvestad	(mob: 95 82 25 53)	- styremedlem, dugnad
Tove Lise Landsverk	(mob: 95 72 27 50)	- styremedlem, dugnad
Stine M. Otterlei	(mob: 48 60 62 23)	- styremedlem, personal
Lena K. Farstad		- vara personalrepresentant
		- dagleg leiar

Januar 2027

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
53					1. nyttårsdag Barnehagen stengd.  Sudan sin nasjonaldag	2  Brian 6 år	3
1	4	5	6	7	8	9	10
2	11	12	13	14	15	16	17  Josefine 1 år
3	18	19	20	21	22	23	24  Amalie 3 år
4	25  India sin nasjonaldag	26	27	28  Thea 6 år	29 Månadsfest 	30	31 Kasper 2 år

Veke 2–7

Forteljing

Samane sin nasjonaldag: Vi markerer også samane sin nasjonaldag denne perioden. Samane sin nasjonaldag: 5. februar markerer vi samane sin nasjonaldag i barnehagen.

Karneval: 19. februar er det karneval i barnehagen. Karnevalet er knytt opp til emneperioden. Vi førebur oss til karnevalet i barnehagen og lager det vi treng der. Ingen skal ta med noko heimanfrå til karnevalet utan at ein blir bedt spesielt om det.



- | | | |
|----------|-----------|----------|
| 1 Okta | 4 Njealje | 7 Čieža |
| 2 Guokte | 5 Vihtta | 8 Gávccí |
| 3 Golbma | 6 Guhtta | |



Februar 2027

Planlegging og vurdering av arbeidet i barnehagen

Planlegging: Arbeidet i barnehagen bygger på Rammeplanen for barnehage sitt syn på barn som aktive deltakere i eget liv og læring. Vi planlegg innhold og aktiviteter ut fra felles mål for året, samstundes tek vi omsyn til barna sine interesser, behov og føresetnader. Personalet set konkrete mål for kortare periodar, slik at arbeidet kan tilpassast den aktuelle barnegruppa. Gjennom lek, omsorg, læring og danning legg vi til rette for eit inkluderande og utviklande miljø der barna får oppleve meistring, medverknad og fellesskap.

Dokumentasjon: Arbeidsmåtar og innhald blir kontinuerleg vurdert og tilpassa for å sikre at alle barna får eit godt pedagogisk tilbod. Foreldre får informasjon om komande periodar og tema, slik at dei får innsyn i kva vi arbeidar med og kva mål vi har for perioden. Dokumentasjon frå aktivitetar og prosjekt blir delt på Kidplan, slik at føresette kan følgje med på kvardagen i barnehagen.

Evaluering: Gjennom året evaluerer vi arbeidet vårt både individuelt og i fellesskap. Evalueringa dannar grunnlag for vidare planlegging og utvikling av barnehagen som pedagogisk verksemd. Foreldre er viktige samarbeidspartnarar og medverkar gjennom foreldresamtalar, foreldremøte og brukarundersøkingar. Samarbeidet mellom heim og barnehage skal bidra til tryggleik, tillit og eit best mogleg tilbod for barna.

Målet med planlegging, dokumentasjon og vurdering er å vidareutvikle barnehagen i tråd med rammeplanen og sikre eit trygt, inkluderande og utviklande miljø for alle barn.



Februar 2027

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
5	1	2 Nina 4 år 	3 Kristin 2 år 	4  Sri Lanka sin nasjonaldag	5	6  Samane sin nasjonaldag	7
6	8	9 Ajdin 4 år 	10 Alva 5 år 	11	12	13	14
7	15	16 Varvara 3 år 	17	18	19	20	21
8	22	23	24	25 Julia 5 år 	26 Månadsfest 	27	28

Veke 10–13

Påske

Mål:

Barna skal få kjennskap til tradisjonar knytt til påskehøgtida.



Mars 2027



Påskemåltid

Torsdag 18. mars inviterer barnehagen foreldre og søsken til eit måltid i barnehagen. Då serverer vi rundstykker og mykje godt pålegg.

Påskevandring

I samband med påskehøgtida, inviterer kyrkja dei eldste i barnehagen til påskevandring. Informasjon blir gitt frå Skogen på førehand.



En liten kylling i egget lå

En liten kylling i egget lå.
Den banket og banket og banket på.
Her er så trangt jeg vil ut å gå
pep den og ynket seg der den lå.
Hakk hakke hakk.
Egget det sprakk og en liten kylling ut av det stakk.



Undrende sto den og tittet på.
Alt det den ute i verden så.
Solen som lyste og skinte på, marken og engen
og blomster små. Pip, pip den sa;
Jeg er så glad.
Trangt det var i egget, men her er det bra.



Mars 2027

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
9	1	2	 Bulgaria sin nasjonaldag 3	4	Karneval i barnehagen  5	6 Jana 3 år 	7
10	8	9	ID/Bayram 10 Barnehagedagen TEMA ?	11	12	13	14
11	15	16	17	Påskemåltid for foreldre og barn 18	Månadsfest  19	20	Palmesøndag 21
12	22	23	24	Skjærtorsdag Barnehagen stengd 25	Langfredag Barnehagen stengd 26	27	1. påskedag 28  Artur 5 år
13	2. påskedag Barnehagen stengd 29	30	31				

Veke 14-20

Song, rim og regle

«Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdier og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhørsla til samfunnet, naturen og kulturen.»
Rammeplan for barnehagen

April 2027

Samarbeid barnehage – skule

Mål: Legge til rette for ein god overgang barnehage – skule, i tråd med nasjonale og lokale planar.

Haram kommune har ein plan: «Samarbeidsrutinar for overgangen frå barnehage til skule» som barnehage og skule held seg til. Med rutinar som grunnlag, gjer vi avtaler med skulen om bruk av skulens areal og aktivitetar vi vil gjere i lag.

Barnehagen har til vanleg tilgang på gymsalen på barneskulen ein dag i veka, og bruker den som turmål. Når vi går i gymsalen bruker vi å ete maten vår i kantina på barneskulen også. På denne måten blir barna litt kjend på skulen, treff søsken og helser på mange av lærarane som jobbar der. Vi bruker også leikeplassen på skulen som turmål.

I oktober skal Skogen på besøk til 1. trinnet på skulen og leike med dei på uteområdet til skulen.

I november månad får barnehagen besøk av dei som nettopp har slutta i barnehagen. Dei besøker den barnehagen dei sjølv har vore i, saman med lærarar frå skulen.

På nyåret er det nye besøk på skulen, både i 1. trinn og hos fadderklassa. Lærarane kjem også på besøk i barnehagen.

I februar er det innskriving på skulen. Dette har foreldra ansvar for. Barnehagen er ikkje involvert.

I april/mai blir barna i Skogen invitert på besøk til 1. trinn på barneskulen. Her får dei også treffe dei som skal vere fadrar for dei når dei kjem på skulen i august.

I juni er det førskuledagar. Skulen inviterer til to føremiddagar på skulen, og det er foreldra som bringer og hentar barna desse dagane. Ta med mat og drikke. En tilsett frå barnehagen er med som støtte.

Dersom det er barn som ikkje skal gå på Brattvåg barneskule, vil desse kunne delta i tilbodet frå skulen dei skal starte på, i løpet av det siste året i barnehagen.

Kvart år har vi eit samarbeidsmøte mellom barnehage og skule der viktig informasjon om barna blir gitt skulen. Dette er opplysningar frå foreldresamtalar i barnehagen og blir gitt etter løyve frå foreldra.

Denne informasjonen er med på å gi barnet ein god start på skulen.



April 2027

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
13				1	2	3	4  Theo 2 år
14	5  Salome 6 år	6	7	8	9 Svarfrist sommerferie  Leo 2 år 	10	11
15	12  Patrik 4 år Viktor 4 år	13  Ludwig 5 år	14	15	16	17  Syria sin nasjonaldag	18
16	19  Viktoria 6 år	20	21  Noah 3 år	22	23	24	25
17	26  Valentina 4 år	27	28	29	30 Månadsfest 		

Veke 19–25

Frå bok til lek

– frå ord til opplevingar

Saman les vi, undrar vi og lærer vi.
Lesing skaper glede, språk og fellesskap.



Mai 2027



Det er vår og mykje som skjer rundt oss i naturen som vi kan følge med på og undre oss over. Vi går mykje på tur i denne årstida. På tur til vatnet, i skogen og på fjellet er det mykje å oppleve og mykje å sjå.

Siste barnehagedagen før 17. mai har vi vår eiga 17. maifeiring i barnehagen. Då går vi i tog i nabolaget til barnehagen. Kjekt med litt folk som kan sjå oss, og det er det i fleire av husa vi går forbi. Tilbake i barnehagen er det leikar på uteområdet og servering av pølse og is.

I barnehagen er det barn som gjer seg klar til å byrje på skulen, og det er barn som skal på ei ny avdeling i august når det nye barnehageåret startar. For dei som skal byrje på skulen er det eit eige opplegg i samarbeid med skulen. Dei som skal bytte avdeling er på besøk på den nye avdelinga i juni. Vi er klare for eit steg vidare ...



Mai 2027

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
17						Offentlig høgtidsdag1	2
18	 Polen sin nasjonaldag3	4	5	Kristi Himmelfartsdag Barnehagen stengd6	7	Frigjøringsdag8	9
19	10	11	12	13	14	15	1. pinsedag16
20	 Noreg sin nasjonaldag 2. pinsedag Barnehagen stengd17	18	19	20	21	22	23
21	24	25  Albert 2 år	26	27	Månadsfest  28	29	30  Konrad 5 år Matheo 5 år
22	31						

Veke 19–25

Barnehagen skal bidra til at barna leikar med språk, symbol og tekst, stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtalar. (Rammeplanen 2017, s. 48).

Juni 2027

Sommarfest

I juni er det sommarfest i barnehagen.

Då tek vi avskjed med barna i Skogen som skal starte på skulen etter sommaren. Vi har ei markering med utdeling av ting dei får med seg, og eit lite vers til kvart barn, skreve av dei tilsette i Skogen.

Barna i barnehagen underheld på festen, vi har leikar på området og et mat saman.

God sommar!



Juni 2027

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
22		1	 Italia sin nasjonaldag 2	3	4	5	6
					Amina 2 år Isabella 6 år	Gurace 5 år Marco 4 år	Sverige sin nasjonaldag
23	7	8	9	10	11	12	13
	Michal 6 år		Astrid 2 år			Filipinene sin nasjonaldag	Thea 5 år
24	14	15	16	17	18	19	20
				Samuel 4 år			
25	21	22	23	24	25	26	27
		Johan 2 år	Jonsokaften		Månadsfest		
26	28	29	30				


Juli 2027



Juli 2027

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
26				1	2	3	4
27	5	6	7	8  Oskar 2 år	9	10	11
28	12	13	14	15	16	17  Nils 4 år	18
29	19  Colombia sin nasjonaldag	20	21	22	23	24	25  Noor 3 år
30	26	27	28	29 Olsokdagen	30	31	

August 2027



August 2027

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
30							1
31	2	3	4	5	6	7	8  Elliot år
32	9	10	11	12	13	14	15
33	16  Elina 3 år	17	18	19	20	21	22  Klara 5 år
34	23	24	25	26	27	28	29
35	30	31					

BRATTVÅG BARNEHAGE SA

Telefon kontor: 40 03 06 82

Telefon: 45 73 87 47

Mail: post@brattvaagbarnehage.no

Blåbærtua

tlf. 90 21 49 50

Tyttebærtua

tlf. 90 21 48 08

Edderkoppen

tlf. 48 04 54 08

Mauren

tlf. 46 81 06 79

Skogen

tlf. 90 21 46 02

